Kvamskogen

FJELL SNUDD PÅ HOVUDET

Dei ulike bergartseiningane som vart skuva inn over Hordaland i kambrosilurtida, vart liggjande att lag på lag, nærast som ei kake. Men på KVAMSKOGEN er kaka snudd på hovudet.



Over: Kvamskogen, mot nord. (Svein Nord)

Skissa t.v.: Same perspektivet med geologiske einingar. (Teikning: Haakon Fossen)

Under kollisjonen med Grønland for over 400 millionar år sidan vart ulike bergartseiningar, skyvedekke, stabla oppå kvarandre. Dei som vart slitne av jordskorpa nærast, hamna under dei som kom langvegs frå. På toppen av kaka i det meste av Hordaland ligg dei langtvandra og framandvorne skyvedekka. Desse såkalla eksotiske bergartane (Ⓣ20) er grønlege og kjem frå eit gammalt havområde som fanst mellom Grønland og Noreg i kambrosilurtida. Men på Kvamskogen og i fjella nord for Norheimsund og Øystese er den geologiske lagpakken snudd på hovudet. Dei eksotiske bergartane ligg ikkje øvst, slik dei har for vane – i desse områda kviler andre bergartar oppå dei grønlege bergartane; det er skyvedekka i Bergsdalsdekka som tronar høgast på Kvamskogen.

Den snudde kaka viser særleg godt att i Steinskvanndalen. Vegen inn i dalen ligg på dei eksotiske, grøne bergartane (glimmerskifer og grønskifer). Fjella rundt er grunnfjell tilhøyrande Bergsdalsdekka, som ligg oppå dei grøne bergartane.

Grunnen til denne lagdelinga er ei stor overfalding under fjellkjededanninga. Overfaldinga førte til at ei svær tunge av Bergsdalsdekka vart falda inn i dei overliggjande eksotiske bergartane. Berre den underste delen av denne tunga viser att i vår tid. Dei kvartsrike og harde bergartane i Bergsdalsdekka ligg att og dannar vakre fjellparti over dei grøne bergartane.

Vinterstid er Mødalen, «Negerlandsbyen» og Såta populære utfartsmål. Over heile Kvamskogområdet fell det store mengder nedbør, ofte som snø. (Alf Adriansen)

Serpentinitt

Øvst i MØDALEN, mot Såta, ligg fleire bergartskroppar av serpentinitt i kambrosilurlaga. Nokre få stader er steinen omdanna til mjuk kleberstein. Her har folk rissa inn namnet sitt med kniv. På sprekkar i serpentinitten finst det òg fibrige asbestmineral. (Haakon Fossen)

MORENERYGGER

RINDARNEMORENEN er synleg frå den rette vegstrekninga i Eikedalen, mot Kvamskogen. Nordaust for Eikedalsvatnet viser han seg som ein skogkledd rygg, frå himmelsynet og nedover i dalsida. Følgjer du stigen langs Dalagjelet, nord for Måvotsvatnet, vil du sjå at den skogkledde ryggen fører vidare, like nord for toppen av Skeisheia, i knapt 800 meters høgd. Systemet av morenar er til saman over ein kilometer langt, med mange små bogeforma rygger som demmer opp myrar langs høgdedraget.

Moreneryggene vart avsette av ein bre som kom ned Skeiskvanndalen frå nord. Brefronten nådde heilt ned i Eikedalsvatnet, og riksvegen kryssar moreneryggen ved garden Teigen, like vest for tunnelen. På denne staden er det òg spor etter ei smeltevasselv mellom ryggen og fjellsida. På vestsida, i lia frå Eikedalen skisenter og ned mot den nedlagde skiheisen ved riksvegen, skuva breen opp store morenemassar.

Moreneryggene viser at det var «liv» i isbreane lenge etter at kuldeperioden i yngre dryas, som markerer slutten av den siste istida, var over. Framstøytane som breane i fjellheimen gjorde etter yngre dryas, og som resulterte i Rindarnemorenen, kan koma av kalde somrar med lite snøsmelting, eller meir truleg vintrar med mykje nedbør. Alderen på desse ryggene er om lag 10 800 år.

(Kart: Martin Hamborg/Eva Bjørseth).